

Vestlandsrådet

Saksutredning:

REISELIVSSTRATEGI FOR VESTLANDET 2013-2020

Trykte vedlegg:

Utrykte vedlegg:

1. Bakgrunn:

Vestlandsrådet har utarbeidd og vedteke ein felles reiselivsstrategi for Vestlandet. Bakgrunnen var at turistane ikkje kjenner fylkesgrenser når dei besøkjer landsdelen. Vidare har Vestlandet behov for eit felles perspektiv på korleis Fjord Noreg skal verte ivaretatt og vidareutvikla som reisemål.

Strategien peikar på fire særlege utfordringar for reiselivet på Vestlandet:

- Transport til og frå landsdelen
- Fleire ulønsame reiselivsbedrifter i distrikta
- For få kommersielle resultat av ei internasjonal sterk profilering
- Mangel på heilskaplege opplevingskonsept – kommersielle «pakketerte» produkt

Reiselivsstrategien svarar på desse utfordringane med ein hovudstrategi som omhandlar utvikling og satsing på kommunikasjon inn til landsdelen, men og internt i landsdelen for å få ein «saumlaus» kommunikasjon – også på tvers av fylka. Vidare vert det skissert tre delstrategiar som skal medverke til å nå måla:

1. Prioritering av nokre område/bedriftsklynger i distrikta med føresetnad i heilårsdrift og attraksjonskraft i marknaden/etterspurnad skal prioriterast for utvikling av lønsame reiselivsbedrifter.
2. Forsterka marknadsarbeid med større fokus på konvertering av gjestar/sal som resultat av velfungerande profilering.
3. Systematisert kunnskap som grunnlag for strategiske val.

Strategien listar vidare opp seks innsatsområder der tiltak skal setjast i verk:

- Samferdsle
- Lønsemeld
- Marknadstilgang
- Heilskaplege opplevingskonsept
- Effektiv organisering av fellesoppgåver
- Måling og utvikling

Vestlandsrådet

Vestlandsrådet handsama strategien i VR-sak 25/12 og sendte utkastet til politisk handsaming i dei fire vestlandsfylka. Dei fire fylka har no handsama strategien og Vestlandsrådet skal no handsame saka på nyt.

2. Fylka sine vedtak

Alle dei fire fylka har handsama strategien i løpet av første halvår av 2013. Nedanfor følgjer ei opplisting av vedtaka.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Handsama av fylkestinget 18. juni 2013, sak T 37-13:

Fylkestinget i Møre og Romsdal behandla 18. juni 2013 sak T 37 – 13 Felles reiselivsstrategi for Vestlandet. Det vart gjort følgjande vedtak i saka :

- Møre og Romsdal fylkeskommune sluttar seg til strategiane og innsatsområda i "Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013 – 2020".
- Møre og Romsdal fylkeskommune bør ta ei leiarrolle i Møre og Romsdal i den vidare prosess i forbindelse med nasjonal strategi for reiselivsnæringa "Destinasjon Norge".
- Eit levande kulturlandskap er avhengig av aktivt landbruk. I verdsarvområde, som i Geiranger/ Norddal, finst det i dag særlege driftstilskot til bønder som driv aktivt landbruk/ beitebruk i verdsarvområdet. Fylkestinget meiner desse tilskota må indeksregulerast, og at det i tillegg må gjevast særlege investeringsmidlar til dei som driv landbruk i verdsarvområdet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Handsama av fylkesutvalet 13. juni 2013, FU-sak 20/13.

Fylkesutvalet gjorde i møte 13.03.2013 slikt vedtak i saksnr. 20/13.

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til «Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020».
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at ev. vidare oppfølgingsarbeid vert koordinert med dei einskilde fylka sitt eige arbeid innan reiselivet.
3. Desse utfordringane er særleg viktig for utvikling av reiselivet på Vestlandet:
 - Packing og utvikling av opplevelingar og aktivitetar i tilknyting til naturen vår som t.d. nasjonalparkane, landskapsvernområde, verdsarvområda og kystområde
 - Vidareutvikling av opplevelingar og aktivitetar i knytt til cruisetrafikk.
4. Det vert teke inn slikt nytt punkt 4 i punkt 5.1, samferdsel, utfordringar:
«Sikra stabile tilbod og lang sesong på dei mest attraktive fjordstrekningane og arbeida for at desse får status tilsvarande nasjonale turistvegar».

Vestlandsrådet

Hordaland fylkeskommune

Handsama av fylkesutvalet 24. april 2013, saksnr. 97/13 i Fylkesutvalet

VEDTAK

Fylkesutvalet sluttar seg til utkast til felles reiselivsstrategi for Vestlandet med følgjande presiseringar:

1. Det bør utviklast eit felles reisepass for Vestlandet, der ein fritt kan reise med offentleg transport på tvers av fylkesgrenser. Det vil gjere det enklare å sy saman pakkar og bidra til auka aktivitet, spesielt i distrikta. Dersom det ikkje vert oppretta ei gruppe i Vestlandsrådsregi, vil Hordaland Fylkeskommune etablere eit prøveprosjekt under Skyss som skal dekkje hele fylket.
2. Fjord Norge vert vidareført som eit regionalt selskap med effektiv organisering av fellesoppgåvane tilpassa den nasjonale organiseringa av reiselivet. Fjord Norge må få vidareført langsiktige og føreseielege rammeføresetnader. Ei sterkare organisering av reiselivsnæringa med klare mål og høg kompetanse er ein føresetnad for vidareutvikling av næringa. Dei offentlege ressursane bør støtte opp under ei slik utvikling.
3. Auka satsing på forskning og kompetanseutvikling i samarbeid med aktørane.
4. Matoppleving må få auka fokus i reiselivsstrategien, og då spesielt med vekt på lokal mat.

Rogaland fylkeskommune

Handsama i Regional- og kulturutvalet 31. januar 2013, saksnr. 01/13

Vedtak:

1. Regional- og kulturutvalget vil tilrå at delstrategi 1 i reiselivsstrategien for Vestlandet, tas ut. Utover dette har utvalget ikke merknader til den fremlagte reiselivsstrategi for Vestlandet, og vil anbefale at Vestlandsrådet vedtar strategien.
2. Ved gjennomføring av den nasjonale reiselivsstrategien, vil Rogaland fylkeskommune arbeide for at hele eller deler av landsdelsselskapet for Vestlandet blir plassert i Rogaland.
3. Systematisk kunnskap gjennom blant annet forskningssamarbeid som gir grunnlag for strategiske valg.

Alle dei fire fylka sluttar seg til reiselivsstrategien for Vestlandet 2013-2025. Dei fire fylkeskommunane har i tillegg alle særskilte merknader som peikar på ulike delar i strategien slik den føreligg.

Vestlandsrådet

3. Vurdering

I dei ulike uttaleane ligg det framlegg til konkrete endringar av strategien. Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har alle punkt som vert tolka som tillegg til den opphavlege teksten i strategien. Dette omhandlar landbruk og lokal mat, utvikling av produkttilbod, fjordane som turistvegar, satsing på kunnskap og forskingssamarbeid. Dette er punkt som forsterkar eller tydeleggjer opphavlege formuleringar i teksten og som ikkje synes å vere i konflikt med innhaldet som føreligg.

Dei punkta som omhandlar det enkelte fylke si rolle i gjennomføringa av den nasjonale reiselivsstrategien, er ikkje relevant for strategien slik den føreligg. Arbeidet med gjennomføring av den nasjonale reiselivsstrategien «Destinasjon Norge» går sin gong og reiselivsstrategien for Vestlandet må koordinerast med framdrifta på dette arbeidet.

Vestlandsfylka har i dag eit felles samarbeid på internasjonal marknadsføring gjennom Fjord Norge AS og er inne i siste del av prosjektet «Explore Fjord Norway». Dei fire fylka må i samarbeid gjere opp status etter avslutning av dette prosjektet, og koordinere dette med dei strukturprosessane som skjer gjennom «Destinasjon Norge», før fylka gjer vedtak om eventuelle endringar i deira engasjement i Fjord Norge AS. Ei evaluering av Fjord Norge og prosjektet «Explore Fjord Norway» er tenkt starta opp komande år. Hordaland fylkeskommune har teke eit slikt initiativ, og det er føresett at eigarfylka samarbeider om ei slik evaluering.

Rogaland fylkeskommune ber om at delstrategi 1 i reiselivsstrategien vert teke ut av strategien. I saksframstillinga frå fylkesråmannen i Rogaland fylkeskommune vert det peika på at denne delstrategien kan reise utfordrande spørsmål med omsyn til kven som skal foreta prioriteringane, kva argumentasjon som skal ligge bak dei som vert prioritert og at ein slik delstrategi kan innebere konkurransevridande element. Dette er vesentlege spørsmål som strategien bør søke å klargjere om delstrategien framleis skal vere med. Delstrategien slik den no framstår i dokumentet kan vere noko utydeleg på dette punktet.

Dei fire fylka har til dels ulike måtar å arbeide med utviklingsprosjekt på, så det er viktig at eit felles prosjekt vert nøyne avklara om ein skal arbeide vidare med dette. Det er ingen tvil om at det i enkelte tilfelle er trøng for eit samarbeid på tvers av fylkesgrensene når det gjeld utvikling av reisemål, men ulikskap i arbeidsmåte og prioriteringar tilseier at det kan vere utfordrande å få denne delstrategien inn i ei operativ ramme.

Hordaland fylkeskommune peikar i si uttale på behovet for eit felles reisepass for Vestlandet. Dette er eit innspel og initiativ som vil vere naturleg at strategien vil ta opp i eventuelle handlingsplanar og som fell inn under hovudstrategien om eit «saumlaust» Vestland.

4. Konklusjon

Bakgrunnen for ein felles reiselivsstrategi er å kunne gjere ein innsats i fellesskap på utvalde område for å styrke reiselivsnæringa der turistane ikkje kjenner fylkesgrensene. Gjennom prosessen med utarbeidingsa av reiselivsstrategien er det lagt vekt på å ha

Vestlandsrådet

strategiar og innsatsområde på overordna nivå som det er hensiktsmessig å samarbeide om og som fylkeskommunane kan ha innverknad på. Dei fire vestlandsfylka har ei større tyngde saman enn kvar for seg når problemstillingar skal løftast på nasjonalt nivå. Samferdsel har difor peika seg ut som eit opplagt felt å ha ein felles strategi på, både fordi kommunikasjon knytt til reiselivsnæringa er ei vesentleg utfordring, men og fordi dette er eit ansvar som fylkeskommunane har.

Vidare har fylka allereie eit marknadssamarbeid gjennom Fjord Norge AS som vil vere ein naturleg del av strategien. Resultata av prosjektet «Explore Fjord Norway» og det arbeidet som vert gjort på nasjonalt hald må sjåast i samanheng og innarbeidast i strategien.

På forskings- og utviklingsfeltet, er det ei strukturell utfordring knytt til at Møre og Romsdal ikkje er ein del av Regionalt forskingsfond Vestlandet. Ei løysing på dette bør søkjast gjennom arbeidet med gjennomføringa av strategien. Dette vil bidra til at dei fire vestlandsfylka fullt og heilt kan samarbeide om forsking og utvikling på reiselivsfeltet og gjennomføre måla i strategien.

Som det vert peika på, kan delstrategi 1 om utvikling av prioriterte reisemål synes å ikkje vere eit heilt hensiktsmessig arbeidsområde med felles strategi. Fylka har ulike måtar å arbeide med dette på og kan ha til dels ulike oppfatning om korleis ein skal prioritere. Det bør uansett vere eit mål å framleis bygge ned skotta mellom verkemiddelaktørane på tvers av fylka og at ein samarbeider om utvikling av reisemål der dette er hensiktsmessig.

Gjennom NCE Tourism har fylka allereie eit samarbeid om utvikling av reiselivsklynga på Vestlandet der ein arbeider med å styrke og bygge opp den opplevingsbaserte reiselivsnæringa. Det er problemstillingar her som til dømes med tilgjengeleggjering gjennom online booking som vil vere viktig å gripe fatt i som samla region.

Fylkeskommunane må engasjere seg tett i arbeidet i NCE-prosjektet og medverke til at klyngeprosjektet lukkast med å styrke reiselivsnæringa på Vestlandet. Arbeidet i NCE må sjåast i samanheng med dei mål og strategiar som vert sett i reiselivsstrategien.

For å gjennomføre strategien bør det utarbeidast handlingsplanar der tiltak under dei ulike strategiane og innsatsområda vert konkretisert. Desse kan vere fleirårlege eller årlege. Det vert her gjort framlegg om årlege planar.

Forslag til vedtak:

1. Vestlandsrådet tek innspela frå fylkeskommunane til etterretning og innarbeider dei merknader som har kome i Reiselivsstrategien for Vestlandet 2013-2025.
2. Vestlandsrådet legg til grunn at fylkeskommunane avklarar sitt vidare engasjement i Fjord Norge AS og at dette vert innarbeid i strategien.
3. Vestlandsrådet vil utarbeide årlege handlingsplanar i samarbeid med fylkeskommunane.

Tore Eriksen
Fylkesrådmann

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.